



TILSYNSRAPPORT - VEDTAK

Skulen si aktivitetsplikt for å sikre at
elevane har eit trygt og godt
skulemiljø

Vinje kommune - Åmot skule

Samandrag

Tema

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, har ført tilsyn med Vinje kommune og Åmot skule. Tema for tilsynet har vore skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø.

Vi har kontrollert følgjande undertema:

- Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
- Plikta til å straks varsle, undersøkje og setje inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar
- Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltaka

Formålet med tilsynet er å kontrollere om skulen ved rektor følgjer regelverket når det gjeld skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Vi gjennomførde intervju med skulens tilsette den 29. oktober 2020. I tillegg har skulen gjennomført eigenvurdering i RefLex og sendt inn dokumentasjon til oss. Dette går fram av vedlegga i rapporten.

Regelverksbrot

Med utgangspunkt i den informasjonen vi har motteke gjennom evalueringar, dokumentasjon og intervju har vi konkludert med følgjande regelverksbrot:

- Rektor sikrar ikkje at alle som jobbar på skulen varslar han dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
- Rektor sikrar ikkje at alle som jobbar på skulen varslar han så raskt som saka tilseier
- Rektor sikrar ikkje at undersøkingane er omfattande nok til å finne kva det er som ligg bak elevens oppleving og kva i elevens omgjevnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet
- Rektor sikrar ikkje at undersøkingane vert dokumenterte
- Rektor sørger ikkje for at involverte elevar blir høyrde
- Rektor sørger ikkje for at skulen gjer ei barnets beste vurdering
- Rektor følgjer ikkje opp og dokumenterer at skulen gjennomfører alle tiltak i tråd med aktivitetsplanen
- Rektor sikrar ikkje at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka, inkludert elevens syn på korleis tiltaka har verka, og kva endringar eleven ynskjer

Kommunen fekk ein førebels rapport den 08.12.2020 med frist til å uttale seg om Statsforvaltarens vurderingar og konklusjonar innan 15.01.2021.

Statsforvaltaren har ikkje motteke skriftlege kommentar frå kommunen, men kommunen har munnleg uttalt at dei kjenner seg att i rapporten.

Vi fattar nå vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til **23.april 2021**.

Innhald

1.	Innleiing	4
1.1	Kort om kommunen	4
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet	4
1.3	Rektor skal sikre, følge opp og sørge for	5
1.4	Om tilsynsrapporten.....	5
2.	Skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø	6
2.1	Plikta til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø	6
2.2	Plikta til å gripe inn mot krenkingar dersom det er mogleg	8
2.3	Plikta til å varsle rektor	9
2.4	Plikta til å undersøkje i alle saker	11
2.5	Plikta til å setje inn eigna tiltak.....	13
2.6	Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltaka.....	15
2.6.1	Plikta til å utarbeide ein skriftleg plan	15
2.6.2	Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltaka.....	16
2.6.3	Plikta til å informere om høve til å melde sak til Statsforvaltaren	18
2.7	Skulens skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som jobbar på skulen krenkjer elevar	19
3.	Våre reaksjonar	21
3.1	Pålegg om retting	21
3.2	Oppfølging av pålegga	22
4.	De har rett til å klage	22

1. Innleiing

Vi fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om skulane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Dersom Vinje kommune ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir oppfylte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at skulen rettar opp brot på regelverket.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om behandlinga vår av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/) <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/>

1.1 Kort om kommunen

Vinje kommune har 3707 innbyggjarar. Det er 4 skular i kommunen.

Åmot skule er ei kombinert barne- og ungdomskule som ligg i kommunesenteret Åmot. Skulen har 147 elevar frå 1.-10. trinn. Skulen har ei klasse pr. trinn frå 1.-10. klasse.

1.- 4. klasse sine klasserom ligg i eit eige bygg omkring 300 meter frå storskulen. SFO ligg i bygget til småskulen. Til skulen høyrer også vaksenopplæring for minoritetspråklege.

Vinje kommune deltek frå hausten 2018 t.o.m. desember 2020 i Utdanningsdirektoratet sitt nasjonale kompetanseutviklingstilbod «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» (IBSM).

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Vinje kommune i brev av 23.06.2020. Dei vart pålagde å sende inn dokumentasjon til oss. Vi har fått inn dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Temaet for tilsynet er: Skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Vi har kontrollert følgjande undertema:

- Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3 og 9 A-4
- Plikta til å straks varsle, undersøkje og setje inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar jf. opplæringslova §§ 9A-3, 9A-4 og 9A-5
- Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak jf. opplæringslova §§ 9A-3, 9A-4 og 9A-9 og forvaltingslova § 11

Formålet med tilsynet er å kontrollere om skulen ved rektor følgjer regelverket når det gjeld skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø.

Vi har ikkje sett på korleis dei oppfyller andre krav i regelverket.

1.3 Rektor skal sikre, følge opp og sørge for

I fleire av kontrollspørsmåla er det stilt spørsmål om rektor «sikrar», «sørgjer for» og «følgjer opp». Krava om at rektor skal sikre, følgje opp eller sørge for, viser til rektor si plikt til å arbeide systematisk slik at krava i lova blir oppfylte.

Rektor skal sikre

At rektor skal sikre at skulen oppfyller eit krav i regelverket, betyr at vi undersøker om rektor har bestemt ein fast framgangsmåte for korleis skulen skal oppfylle kravet. Dette er nødvendig der regelverket gir skulen eit handlingsrom for korleis dei skal oppfylle kravet, slik at skulen sjølv må operasjonalisere korleis den enkelte skal gå fram i kvar enkelt sak. Det er ikkje eit krav at framgangsmåten er skriftleg, men den må vere eigna til å sikre at kravet i lova blir oppfylt i alle saker på den aktuelle skulen. Rektor må i tillegg følgje opp at dei som jobbar på skulen bruker framgangsmåten i praksis. Dersom skulen ikkje har hatt saker der det har vore nødvendig å bruke framgangsmåten, undersøker vi om rektor har gjort det som er nødvendig for at framgangsmåten vil bli følgd når skulen får ei slik sak.

Rektor skal følge opp

I nokre tilfelle har ikkje skulen eit handlingsrom for korleis han skal oppfylle kravet, fordi framgangsmåten er gitt. At rektor skal følgje opp at skulen oppfyller eit krav i regelverket, betyr at rektor må forsikre seg om at den bestemte framgangsmåten blir oppfylt i praksis på skulen. Døme: «Følgjer rektor opp at skulen gjennomfører tiltak i samsvar med aktivitetsplanen?» Her er det aktivitetsplanen som viser framgangsmåten, men rektor må følgje opp at det som står i aktivitetsplanen blir gjennomført.

Rektor skal sørge for

At rektor skal sørge for at eit krav blir oppfylt, betyr at oppgåva er av ein slik art at det ikkje er nødvendig med ein fast framgangsmåte. Dette kan gjelde mindre oppgåver eller aktivitetar. Døme: «Sørgjer rektor for at skolen vurderer informasjonen om korleis tiltaka har verka, og tilpassa tiltaka basert på vurderinga og elevens syn?» Det kan i tillegg gjelde større oppgåver der det er unaturleg med ein fast framgangsmåte. Døme: «Jobbar rektor for at skulen skal praktisere haldningar og verdier som bidreg til eit inkluderande og trygt skulemiljø?»

Ikkje krav

Når kontrollspørsmålet ikkje inneheld krav om at rektor skal «sikre», «følgje opp» eller «sørge for» betyr det at vi ikkje vurderer det systematiske arbeidet til rektor, men her vil vi berre vurdere om skulen oppfyller kravet i praksis. Døme: «Dokumenterer skulen kva som blir gjort for å oppfylle plikta til å følgje med og gripe inn, varsle og undersøke?»

1.4 Om tilsynsrapporten

Våre vurderingar i denne rapporten byggjer i hovudsak på opplysningar som kjem fram i:

- Dokumentasjonen skulen har sendt inn (sjå oversikt i vedlegg)
- Informasjon frå skulens eigenvurdering i RefLex

- Informasjon frå våre eigne system og offentlege register
- Informasjon på skulen sin nettstad
- Intervju med assistentar, SFO-leiar, 3 grupper av lærarar frå småskuletrinnet, mellomtrinnet og ungdomstrinnet, assisterande skulesjef og skulesjef

Skulesjef er heretter i rapporten omtalt som rektor.

2. Skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9A-2. Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helse, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitelet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-3.

Aktivitetsplikta står i opplæringslova § 9 A-4, og består av fem delplikter: Følgje med, gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak. I tillegg er det krav om at involverte elevar blir høyrde og kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helse, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

2.1 Plikta til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø

Rettslege krav:

Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg, jf. opplæringslova § 9 A-4 første ledd.

Det betyr:

Alle som jobbar på skulen, skal vere merksame på forhold eller oppførsel som kan tyde på at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. De skal følgje spesielt godt med på sårbare elevar. De må skaffe dykk informasjon frå elevane om korleis dei opplever skulemiljøet. Det er elevane si eiga subjektive oppleving av skulemiljøet som er avgjerande. De skal dokumentere korleis de følgjer med. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at dei skal følgje med, og følgje opp at det blir gjort.

Våre undersøkingar:

Skulen har rutinar på handsaming av skulemiljøsaker i «Plan for å sikre eit trygt og godt skulemiljø i Vinjeskulen», heretter kalla «Plan». I «Plan» inngår Vinje kommune sin kommunale prosedyre for arbeidet med eit betre psykososialt læringsmiljø - opplæringslova § 9 A, datera 25.09.2017. Det går fram av denne at alle kommunale

grunnskular i Vinje kommune skal følgje denne prosedyren med tilhøyrande prosedyrar, skjema og standardtekstar.

Vinje kommune deltek i Utdanningsdirektoratet sitt nasjonale kompetanseutviklingstilbod «Inkluderande barnehage- og skulemiljø», heretter kalla «IBSM» og har sidan august 2018 hatt ein prosjektleiar/ressursperson i 50 % stilling knytt til dette prosjektet. Av skulens rutinar går det fram at skulemiljøregelverk og kommunale prosedyrar er tema ved skulestart og fleire gonger i løpet av skuleåret. I fylgje innsendt dokumentasjon har «Plan» og «IBSM» vore tema på personalmøter og spesialpedagogiske møter.

På side 2 i «Plan» står det at det er den einskilde eleven si subjektive oppleving av skulemiljøet, som er utgangspunktet for skulen si handtering av saka og at skulen har ei handlingsplikt. Både tilsette og rektor bekreftar i RefLex at dei er kjende med at det er den subjektive opplevinga til eleven som er utgangspunktet.

«Mobbeombudet» har hatt felles kurs for alle skulane i Vinje. Gjennom «IBSM» har skulen jobba med korleis skulen skal fange opp elevar som kjenner at skulemiljøet er utrygt. I fylgje rektor har sosiallærar vore særskild aktiv i skulemiljø saker og har ofte hatt samtaler med elevar som treng ekstra oppfølging. Rektor viser til eit godt tverrfagleg samarbeid med helsesjukepleiar og skulehelseteam.

Når det gjeld innhenting av informasjon om korleis elevane har det, syner skulen til møte med elevrådet kor «IBSM» er tema. Elevundersøkinga vert gjennomført kvart år. Skulen har malar for elev- og utviklingssamtaler. Skulen nyttar eit spørjeskjema som er tufta på "Innblikk" og nyttar undersøkinga «Klassetrivsel» to gonger i året. Ung Data - undersøkinga vert gjennomført kvar anna år.

I intervju fortel tilsette at ulike område på skulen kan vere risikoområde. Skulen er merksam på dette. Inspeksjonen gjeng føre seg etter ein fastsett plan. Det er laga vaktplanar over definerte område. Skulen har fordeling av vikarvakter på morgonmøtet kvar dag, slik at dei sikrar at det alltid er vaksne på plass i friminutta. Bussvakt er også ein del av vaktplanen.

Tilsette fortel i intervju at morgonmøte kvar morgon er ein sikkerheit for at dei tilsette får kjennskap til kva dei skal følgje med på, og på kva som rører seg elevane imellom til ei kvar tid. Rektor er ofte med på desse møta. I intervju fortel rektor at dei særskild sårbare elevane er tema på trinnmøte, morgonmøte og i personalmøta. I intervju fortel dei tilsette at dei veit kven dei særskild sårbare barna er.

Det kjem fram i intervju med rektor at skulen pr. nå ikkje har eit godt nok arkivsystem for dokumentasjon og oppfølging. Tilsette seier i intervju at det er uklart kva som skal skrivast ned i ein travel kvardag. Det kom fram i RefLex og i intervju at skulen ikkje har ein fast rutine for korleis dei dokumenterer fylgje med - plikta. Tilsette bekreftar at det har vore mykje gule lappar, men at dei nå har gått over til loggbok (gjeld SFO og 1.- 4. klasse). Tilsette skriv i RefLex at det er vanskeleg å dokumentere alt ein gjer, til dømes observasjonar ein gjer i friminutt og på skuleveg.

Våre vurderingar:

Vi finn at dei tilsette er kjende med at det er elevane si subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skulemiljø. Åmot skule har fleire tiltak for å fylgje med på

skulemiljøet til elevane. Skulen nyttar klasseundersøking for å hente inn informasjon om korleis elevane trivast på skulen. Sosiallærer har eigne undersøkingar og samtalar med elevar.

Dei særskilt sårbare elevane får dei kjennskap til gjennom trinnmøter, morgonmøte og gjennom tverrfagleg samarbeid, og ved å fylgje med på elevane. Skulen har gjort faglege vurderingar og satt inn inspeksjon. Dei tilsette er oppatt av særleg risikoutsette områder. Dei tilsette viste i intervju til relevante konkrete situasjonar på sårbarheit og faktorar som kan auke sårbarheit hos elevar. Dette viser at skulen er merksam på følgje-med plikta.

Statsforvaltaren vurderer at skulen oppfyll fylgje med - plikta som sikrar at dei tilsette fylgjer med på elevane.

Statsforvaltarens konklusjon:

Krava i regelverket er oppfylt.

2.2 Plikta til å gripe inn mot krenkingar dersom det er mogleg

Rettslege krav:

Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg, jf. opplæringslova § 9 A-4 første ledd.

Det betyr:

Plikta til å gripe inn handlar om straks å stanse negativ oppførsel, for eksempel ved å bryte opp ein slåsskamp eller stanse ein utfrysingssituasjon. Alle som jobbar på skulen, skal ha nulltoleranse mot krenkingar som for eksempel utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. De skal dokumentere korleis de grip inn. Rektor skal sørge for at alle som jobbar på skulen grip inn mot krenkingar.

Våre undersøkingar:

Vinje kommune har laga felles «Orden- og samspelreglar for skulane i Vinje», og «Tiltak ved brot på ordens- og samspelreglane». Det går blant anna fram av punkt 4 at «All krenkjande åtferd er forbode og vil bli fylgd opp.»

I «Plan» står det at alle tilsette som får kjennskap til eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenking skal snarast undersøkje og om mogleg gripe inn og stoppe pågåande aktivitet. Gripe inn - plikta er også omtalt i «Prosedyre varsling».

I RefLex svarar både rektor og dei tilsette «JA» at dei alltid grip inn, men ikkje alle tilsette er kjent med korleis dei skal gripe inn. Det kjem fram i intervju at tilsette ikkje har hatt nokon konkret opplæring i korleis dei skal/kan gripe inn fysisk. Dei har diskutert kva som er innafor og kva som er utafør når det gjeld fysisk inngripen. Tilsette seier i intervju at enkelthendingar har vore drøfta på trinnmøter.

Det går fram av intervju med tilsette at dei grip inn både ved kjennskap og mistanke til at ein elev ikkje har det trygt og godt. Tilsette seier dei også grip inn ved «blikking» og utestenging.

Rektor svarar i RefLex at skulen i hovudsak dokumentarar i protokollar, loggbøker og via Compilo, som er eit avvikssystem. Kommunens arkivsystem blir nytta til lagring av alvorlege hendingar. Tilsette svarer i RefLex at dei dokumentarar dei mest alvorlege hendingane, men ikkje alltid dei mindre situasjonane ein kjem opp i det daglege, som til dømes mindre kranglar i friminutt som vert løyst der og då.

I intervju kommer det fram at tilsette synes det er vanskeleg å vite om når, og korleis dei skal dokumentere. Dei seier at ikkje alt blir dokumentert. Enkelte seier at det kjem an på situasjonen, og noko blir tatt opp på morgonmøtet. Tilsette dokumenterer plikta ved blant anna å skrive merknadar, bruk av varslings skjema eller ved å skrive eit notat til kontaktlærar.

Våre vurderingar:

Tilsette er informert om regelverket og vi finn dette omtalt i både skulens og kommunens overordna dokument. Det har ikkje vore nokon konkret opplæring i når, og på kva for måte, ein kan gripe inn i ulike situasjonar.

Ut frå innsendt dokumentasjon og det vi fekk høyre i intervju, finn Statsforvaltaren at dei tilsette har ein felles forståing for at det skal gripast inn i situasjonar som krev det.

Statsforvaltarens konklusjon:

Krava i regelverket er oppfylt.

2.3 Plikta til å varsle rektor

Rettslege krav:

Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle, jf. opplæringslova § 9 A-4 andre ledd.

Det betyr:

Plikta til å varsle rektor gjeld all mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Tilsvarande gjeld tilfelle der ein elev seier frå om at han eller ho ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt.

Å ha ein mistanke vil seie å ha ei kjensle av eller tanke om at eleven ikkje har det trygt og godt på skulen. Saka avgjer kor raskt rektor må få varsel.

Rektor skal varsle skuleeigaren om alvorlege tilfelle. Dette kan gjelde saker der krenkingane er særleg valdelege eller integritetskrenkjande, eller der skulen over tid ikkje har klart å løyse ei sak. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at dei skal varsle, og følgje opp at det blir gjort.

De skal dokumentere det de gjer for å varsle.

Våre undersøkingar:

Skulens tilsette skal fylgje prosedyre «Aktivitetsplikt» og varsle leiinga ved å nytte «Skriftleg varslings skjema» som begge ligg i «Plan». I fylgje prosedyren drøfter rektor varslinga med varslar og lager ein aktivitetsplan, dersom han finn det naudsynt. Eit skriftleg varslings skjema som fører til aktivitetsplan skal følgje saka i arkivsystemet. Alle varslingar skal bli arkivert og følgde opp i skulesjefens medarbeidersamtale med rådmannen som ein del av skuleeigars internkontrollsystem.

Plikta til å varsle skuleeigar om alvorlege tilfelle er ikkje konkret omtalt i «Prosedyre varsling». Rektor skriv i RefLex at alle varslingar til rektor blir sendt i kopi til assisterande rådmann, og at dei har rutine for at leiinga i kommunen ved assisterande rådmann får kopi av dokumenter i skulemiljøsaker, og at sakene blir diskutert med leiinga og den enkelte skule v/ rektor.

I innsendt dokumentasjon skriv rektor at skulen har motteke seks varslar i perioden januar 2019 til og med juni 2020. Av desse har to vore meldt frå foreldra og fire av lærarar. Alle varslar har ført til aktivitetsplanar. Etter at tilsynet vart opna har rektor motteke 2 nye varslar frå tilsette.

Tilsette svarar «JA» i RefLex at dei varslar rektor ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Assistentane seier i intervju at dei ofte seier ifrå til elevens kontaktlærer framfor å varsle rektor. Rektor seier det same i intervju, at enkelte tilsette seier i frå til kontaktlærer i første omgang, før dei varslar han. Fleire tilsette svarar «NEI» i RefLex på at dei varslar rektor så raskt som saka tilseier. Tilsette seier i intervju at det er uklart når dei skal sende varslings skjema, og det er ein uklar terskel for bruk av varslings skjema. Nokre tilsette vurderer dette saman med kontaktlærer eller andre på trinnet. Tilsette svarar i intervju at dei ventar med å seie ifrå til at noko gjentek seg. Mange av de tilsette fortel at dei snakkar mykje med elevane og at dei tar tak i det der og da, utan at dette blir skrivi ned eller varsla.

Det kjem fram i intervju at ikkje alle har vore bevisst på kravet om varsling, men seier dei har lært meir om dette kravet dette skuleåret, gjennom «IBSM». Tilsette seier dei undersøker ein del før rektor blir «kobla på». Det vert varsla på slåsskampar. Når det gjeld til dømes «blikking», og ein ser at det kan løysast på lågare nivå, det blir ikkje alltid varsla. Nokre tilsette skriv i RefLex at bruk av skjema for varsling er blitt rutine nå, men at det i praksis er kontaktlærer som varslar vidare til rektor.

Våre vurderingar:

Skulen har sendt inn 6 elevsaker. Ein elevsak er gammal, og tas derfor ikkje med vidare i Statsforvaltarens dokumentasjonsgrunnlag.

I dei innsendte sakene er ikkje skjema for varsling nytta.

Tilsette gjev uttrykk for at det er uklart når dei skal sende varslings skjema, og at det avhenger av sakens alvor kven dei skal varsle. Mange fortel at dei snakkar med kontaktlærer fyrst. Sakens alvor er rett nok avgjerande for kor raskt det skal varslast, men plikta til å varsle trer inn allereie ved mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt. Det låge innslagspunktet for varsling vil ofte føre til at det er skrive langt fleire varslar enn ferdige tiltaksplanar. Etter at Statsforvaltaren opna tilsynet, har rektor

motteke to varslar frå tilsette kor skjema for varsling er nytta. Det kan vere eit teikn på at skjema for varsling er blitt meir kjend for enkelte tilsette.

Statsforvaltaren finn at det er ein varslingspraksis ved skulen ved at tilsette ikkje varslar sjølv, men at dei snakkar med kontaktlærar. Skulens låge tall på mottekne varslingar kan tyde på at innslagspunktet for varsling til rektor kan vere for høgt, og at dei tilsette på skulen ventar med å varsle. Dei varslar først rektor når dei meiner det er alvorleg nok. Dette tyder på at varslingsplikta ikkje er tilstrekkeleg forstått og implementert.

Framgangsmåten skulen har for varsling må sikre at alle som jobbar på skulen varslar. Den må seie noko om terskelen for å varsle, og må gje føringar for kor raskt det skal varslast i ulike saker. Statsforvaltaren vurderer at skulen ikkje har ein tilstrekkeleg klar framgangsmåte for varsling som dei tilsette kjenner til, og at rektor ikkje har fylgt opp kva for aktivitetar som denne plikta inneber.

Statsforvaltarens vurdering er at rektor er klar over at i alvorlege saker skal skuleeigar få varsel. Vi finner derfor at rektor kjenner til og gjennomfører plikta til å varsle skuleeigar og oppfyll regelverket på dette området.

Statsforvaltarens konklusjon:

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

2.4 Plikta til å undersøkje i alle saker

Rettslege krav:

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøke saka, jf. opplæringslova § 9 A-4 tredje ledd.

Det betyr:

Så snart de får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal de undersøkje saka nærare.

Alle elevar som er involvert i saka, har rett til å uttale seg. De skal legg til rette for og ufarleggjere samtalen. Elevane kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegne.

Undersøkingane skal få fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for eleven sin oppleving og kva i eleven sine omgivnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. De må innhente nok informasjon til å avdekke kva som har skjedd, og om ein eller fleire elevar opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. De skal dokumentere korleis de undersøker saka. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal undersøkje, og følgje opp at det blir gjort.

Våre undersøkingar:

I «Plan» under «Prosedyre varsling» står det «Dersom nokon som er tilsett ved skulen, har fått kjennskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenking som mobbing,

vald, diskriminering, eller trakassering, skal vedkommande snarast undersøke saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.»

I skjema «Aktivitetsplikt» er det eit eige punkt for undersøkingar skulen har gjort.

«Skriftleg varslingskjema» inneheld kven saka gjeld, kven som elles er involvert, klassetrinn, aktuelle medarbeidarar/tilsette som er informert om episoden, om hendinga, forklaring på kva som har skjedd, korleis det blei gripe inn og kva som skal gjerast vidare.

Tilsette svarer i RefLex at skulen alltid undersøker saken når rektor får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

I intervju seier rektor at han har ansvaret for undersøkingane. Han snakkar med prosjektleiar i «IBSM» og med tilsette på trinnet. Det er ofte dei som har ein nærkontakt med den elev det gjeld, som utfører undersøkinga. Skulen nyttar eit observasjonskjema lånt av Tokke kommune. Rektor viser til at han vurderer om retten til eit trygt og godt skulemiljø er oppfylt, og at han derfor ikkje må avslutte undersøkinga for tidleg. Fordi elevens stemme er viktig, samtalar han med den enkelte elev. Rektor seier at undersøkinga kan gi klarheit i årsaka til konflikten sidan elevar kan oppleve hendingar ulikt.

Rektor skriv i RefLex at det kan vere vanskeleg å få fram kva som er årsaka og grunnen for at eleven opplever skulemiljøet som utrygt. Det er lett å kartleggje skuletida, men heimeforhold og fritid er i høg grad også med på å påverke korleis elevane fungerer på skulen.

Tilsette svarer i RefLex og i intervju at sjølv om det blir gjort mange undersøkingar, får dei ikkje alltid fram alle fakta om situasjonen, elevens subjektive oppleving eller kva som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet.

I innsendte saker ser vi at skulen undersøker gjennom samtale med elev og involverte elevar, samtale med foreldre, gjennom observasjonar og ved elevundersøkingar.

Våre vurderingar:

Gode undersøkingar og analyse er ein føresetnad for å vurdere kva som er egna tiltak i ei gitt sak.

Funn i tilsynet viser at rektor set i gang undersøkingar der han får kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor brukar ulike metodar for å undersøkje. I «Kommunal prosedyre for arbeidet med eit betre psykososialt læringsmiljø – opplæringslova § 9 A.» står det at i dei tilfella skulen skal setje i gang tiltak, skal rådmannen sjå til at det ikkje tek for lang tid frå skulen har motteke varsling, til ein aktivitetsplan blir skriven. Aktivitetsplan blir utfylt i Vinje kommune sitt standardkjema til vanleg innan ei veke etter varsling, sjølv om denne fristen ikkje er eit lovkrav.

Statsforvaltaren ser at skulen undersøker ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, men det er ikkje tilstrekkeleg dokumentert kva som kommer fram av undersøkingane og korleis dette blir nytta til å få fram kva som er problemet. Det kan vere ein svakheit at undersøkingar i stor grad baserer seg på

samtaler og observasjonar, og i mindre grad ved systematiske undersøkingar og dokumenterte funn. Vi vurderer at i dei innsendte sakene er ikkje undersøkingane omfattande nok til å finne kva det er som ligg bak elevens oppleving, og kva i elevens omgjevnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet.

Statsforvaltarens konklusjon:

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

2.5 Plikta til å setje inn eigna tiltak

Rettslege krav:

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova § 9A-4 fjerde ledd.

Skulen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeide, jf. opplæringslova § 9A-4 femte ledd.

Det betyr:

Plikta til å setje inn tiltak gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt.

De skal velje tiltak ut frå faglege vurderingar av kva som er eigna tiltak. Vurderingane skal basere seg på kunnskap, prinsipp og verdiar som er utvikla og anerkjende av kompetente fagmiljø. De må tilpasse tiltaka til saka og eleven sitt heilskaplege behov.

De må ta stilling til kva som er eleven sitt beste i saka. Dette gjeld også for andre elevar som er involvert i saka eller blir direkte påverka av tiltaka. Momenta i vurderinga kan vere eleven sitt syn på kva som bør vere innhaldet i aktivitetsplanen, eleven sin identitet og karaktertrekk og eigenskapar, familiemiljø og nære relasjonar, vern, omsorg og tryggleik, sårbarheit eller sårbare situasjonar, eleven sin rett til liv og utvikling, eleven sin fysiske og psykiske helse og eleven sin rett til utdanning. Det skal sterke omsyn til for at de kan setje eleven sitt beste til side. De må ta stilling til kor sterk vekt eleven sitt beste skal ha.

Samla sette skal de gjennomføre de tiltaka som det er rimeleg å vente av dykk i den enkelte saka. Rektor skal sikre at dette blir gjort.

Våre undersøkingar:

I «Plan» har Vinje kommune ein kommunal prosedyre for arbeidet med eit betre psykososialt læringsmiljø – opplæringslova § 9A. I fylgje denne skal saka undersøkjast og drøftast med varslar, og skulesjefen skal lage ein aktivitetsplan dersom han eller den som er i hans stad finn dette naudsynt.

Rektor og alle lærarar svar i RefLex at skulen setter inn eigna tiltak dersom eleven sin rett til trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt. I mottatt dokumentasjon går det fram at

skulen har satt inn tiltak når den får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Gjennom intervju blir det bekrefta at det i praksis er rektor saman med prosjektleiar for «IBSM» som startar opp undersøkinga i ei skulemiljøsak. Rektor vurderer om retten til eit trygt og godt skulemiljø er oppfylt, og om det skal utarbeidast ein aktivitetsplan.

Rektor svarar i intervju at skulen blant anna nyttar metodikken «Tidleg innsats for barn i risiko» ved val av tiltak. Han fortel at tiltak drøftast med elev og foreldre. I nokre saker kjem eleven si stemme fram gjennom foreldra. Rektor fortel at skulen tek imot forslag til tiltak frå både elev og foreldre.

Tilsette bekreftar i intervju at tiltaka blir utarbeida av rektor i samarbeid med lærarar, foreldre og eleven sjølv. Tilsette svarar i RefLex at tiltaka blir drøfta på møter der alle fagarbeidar og lærarar får informasjon. Rektor seier i intervjuet at sosiallærer har også hatt ei sentral rolle i dette arbeidet.

Rektor og alle tilsette svarer »JA» på spørsmål i RefLex om tiltaka er tilpassa saken i type og omfang, og basert på elevens behov og elevens beste. Tilsette seier i intervju at «barnets beste» har vore tema på personalmøte, og at dei tilsette gjer vurderingar av kva som er til barnets beste.

Rektor svarer «JA» på spørsmål i RefLex om eleven alltid får uttale seg til kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen. Han skriv at skulen har blitt flinkare til det her etter kvart, og at aktivitetsplanen nok var for ferdiglaga tidlegare. Han skriv at skulen har jobba mykje med «elevstemmen» i det siste og no skal eleven får meine noko om skissa til aktivitetsplanen før den blir laga ferdig.

Enkelte tilsette svarer «NEI» på spørsmål i RefLex om elevane alltid får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen. Dei skriv at i visse høve har ikkje eleven nok forståing i sin eigen situasjon til å kunne vurdere innhaldet i sin eigen aktivitetsplan. I intervju svarar ein tilsettegruppe at eleven er inkludert i arbeidet med val av tiltak.

I dei mottekne sakene som Statsforvaltaren har fått ser vi at skulen setter inn tiltak på fleire nivå, som til dømes individnivå, gruppenivå og klassenivå. Tilsette fortel i intervju at tidlegare hadde dei meir fokus på hendingar. No er terskelen for å vurdere tiltak lågare og skulen har auka merksemd på eleven si oppleving av krenking, utanforskap og sosiale forhold.

Vi ser av mottekne saker at elevane det gjeld, har hatt samtaler, men det er usikkert om skulen har ein fast framgangsmåte som sikrar at barn alltid får moglegheit til å uttalt seg om tiltaka skulen vurderer å setje inn. I mottekne saker er det få skriftlege barn si beste-vurdering der det blir synleggjort korleis barnet sitt beste er vekta i avgjerder om tiltak. Ein slik vurdering ligg heller ikkje inne i den kommunale malen.

Våre vurderingar:

I mottatt dokumentasjon går det fram at skulen set inn tiltak dersom ein elev ikkje har det trygt og godt. Det vert sett inn tiltak på fleire nivå i dei innsendte skulemiljøsakene. Dette aukar sjansane for at tiltaka vil verke. Sosiallærer har samtale med elevane. Innhaldet frå desse samtalene nyttar rektor til å sikre at tiltaka er egna. Både lærarar og

leiinga seiar at tiltaka vert utarbeida i eit samarbeid mellom rektor, foreldre og eleven sjølv. I nokre sakar involverast også andre fagpersonar.

Opplæringslova § 9A-4 femte ledd slår fast at skulen skal sørge for at involverte elevar blir høyrd, og at det beste for eleven skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulens arbeid. I Barnekonvensjonen artikkel 12 står det at eit barn som er i stand til å danne seg sine eigne synspunkt skal gis særleg anledning til å uttale seg. Dette må gjerast på ein måte som er tilpassa elevens alder og kor moden eleven er.

I svara frå tilsette kan det sjå ut som om skulen tar stilling til barnets beste når dei vurderer tiltak i ein sak. Statsforvaltaren kan ikkje sjå av mottatt dokumentasjon eller i skulens rutinar at det kommer fram korleis skulen har vurdert barnets beste når dei skal sette inn tiltak i ei sak. For å kunne ta stilling til kva som er elevens beste, må skulen innhente informasjon om elevens syn på kva som skal til for at ho eller han får det trygt og godt på skulen. Statsforvaltaren vurderer derfor at skulen ikkje dokumenterer at dei gjer ein vurdering av barnets beste ved val av tiltak.

Statsforvaltaren vurderer at skulen oppfyller plikten til å setje inn tiltak når ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Skolen sikrar ikkje alltid at eleven får uttale seg om kva som skal være innhaldet i aktivitetsplanen. Vidare dokumenterer ikkje skulen at den tar stilling til elevens beste i saka. Denne delen av lovkravet er dermed ikkje oppfylt.

Statsforvaltarens konklusjon:

Krava i regelverket ikkje oppfylt.

2.6 Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltaka

2.6.1 Plikta til å utarbeide ein skriftleg plan

Rettslege krav:

Skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak jf. opplæringslova § 9A-4 sjetteste ledd. I planen skal det stå kva problem tiltaka skal løyse, kva tiltak skulen har planlagt, når tiltaka skal gjennomførast, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka og når tiltaka skal evaluerast.

Det betyr:

De skal lage ein skriftleg plan som skal beskrive kva for ein elev planen gjeld, kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak de har planlagt, når de skal gjennomføre tiltaka, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka, og når de skal evaluere tiltaka.

Eleven og foreldra til eleven som saka gjeld, har rett til å få dei delane av aktivitetsplanen som omhandlar eleven. Dersom eleven er over 18 år, har ikkje foreldre rett til å få planen.

Våre undersøkingar:

I fylgje «Kommunal prosedyre for arbeidet med eit betre psykososialt læringsmiljø» i «Plan» skal aktivitetsplan skrivast på kommunal mal med standardtekst og planen skal innehalde; Kva problem tiltaka skal løyse, kva tiltak skulen har planlagt, når tiltaka skal gjennomførast, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka og når tiltaka skal evaluerast. Svar som er innsend i RefLex viser at dette blir gjort. I fylgje prosedyren skal aktivitetsplanen sendast til føresette og rådmannen gjennom arkivsystemet. Det vert ikkje informera om at det er mogleg å sjå dokumenta i saka.

Åmot skule har sendt inn 6 aktivitetsplanar. Skulen har laga 5 planar frå aktuell periode. I dei innsende sakene ser Statsforvaltaren at to aktivitetsplanar er skrivi i ein anna mal enn den som ligg i «Plan». I disse to aktivitetsplanane blir overskrifta «sakstilhøve» nytta i staden for kva «problem tiltaka skal løyse». Problemformuleringa er likevel klar i desse sakene.

Det er ikkje formkrav til planen ut over at han skal vere skriftleg. Ein aktivitetsplan treng ikkje å vere knytt til ein bestemt elev, men kan ta for seg ein situasjon eller ei utfordring som omfattar fleire elevar.

Våre vurderingar:

Statsforvaltaren vurderer at skulen lager ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9A sjette ledd når skulen set inn tiltak i ein sak. Planen innehald kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak de har planlagt, når de skal gjennomføre tiltaka, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka, og når de skal evaluere tiltaka.

Skulen har rutinar for at elev og føresette som saka gjeld får aktivitetsplanen frå skulen.

Statsforvaltarens konklusjon:

Krava i regelverket er oppfylt.

2.6.2 Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltaka

Rettslege krav:

Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremja helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitelet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort, jf. opplæringslova § 9A-3 andre ledd.

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking visar at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova § 9A-4 fjerde ledd.

Skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) Kva problem tiltaka skal løyse
- b) Kva tiltak skolen har planlagt
- c) Når tiltaka skal gjennomførast
- d) Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) Når tiltaka skal evaluerast

Skulen skal dokumentere kva som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd, jf. opplæringslova § 9A-4 sjuande ledd.

Det betyr:

De må gjennomføre alle tiltaka som følgjer av planen. Vidare må de dokumentere at de gjennomfører tiltak i tråd med planen.

For å kunne evaluere tiltaka, må de skaffe dykk tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka. Eleven som tiltaka gjeld, har rett til å uttale seg. De skal tilretteleggje og ufarleggjere samtalen. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

De må vurdere korleis tiltaka har verka. De må endre tiltaka eller setje inn nye tiltak, dersom eleven framleis opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø. Evalueringa kan også føre til at de forlengjer tiltak som verkar. De skal fortsetje med å setje inn tiltak, så lenge eleven ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt, og det finst tiltak som skulen kan setje inn.

Våre undersøkingar:

I «Kommunal prosedyre for arbeidet med eit betre psykososialt læringsmiljø - opplæringslova § 9 A» går det fram under saksgang at dersom skulen etter varsling og gjennomføring av aktivitetsplan i evaluering finn at lova om retten til eit godt psykososialt læringsmiljø framleis er brote, må ein ny aktivitetsplan bli skriven og gjennomført etter same prosedyre. Dette må ein gjennomføre inntil alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø etter opplæringslova § 9 A.

I RefLex svarer rektor at skulen alltid gjennomfører alle tiltaka slik dei står i skrivi i aktivitetsplanen, og at skulen dokumenterer at tiltaka er gjennomførte. Tilsette skriv i RefLex at aktivitetsplanen blir gjennomført, men at ikkje alle tiltak har blitt dokumentert ved gjennomføring. Døme på dette er tiltak som ekstra vakthald.

Rektor skriv at dei evaluerer aktivitetsplanen jamleg og gjer endringar i tråd med utviklinga i saka, og at eleven alltid blir spurt om korleis tiltaka har virka. Nokre tilsette svarar i RefLex at det kjem an på om eleven er involvert i aktivitetsplanen om dei spør om tiltaka har virka, og om kva for endringar eleven ynskjer. Når ikkje alle er spurt, svarar dei at det grunna i at ikkje alle har føresetnad for deltaking.

Rektor seier i intervju at mange saker er «sjølvmeldte», noko som forklarar kvifor lite av evalueringa er skriftleggjort. Rektor viser og til at noko dokumentasjon er forsvunne i samband med problem med det digitale systemet.

Rektor seier i intervju at aktivitetsplanar blir avslutta når eleven sjølv meiner skulemiljøet er trygt og godt, og skulen vurderer det som fagleg forsvarleg og rett. Tilsette seier i intervju at kontaktlærar har ansvaret for oppfølging av aktivitetsplanen. Kontaktlærar evaluerer planen saman med spesialpedagog. Planen avsluttast etter teammøter kor foreldre og elev er med. Skulen avsluttar saka når dei ser ein varig endring. SFO- tilsette seier dei ikkje alltid er med på evalueringa.

Våre vurderingar:

Kontaktlærer har ansvar for å fylgje opp sakene. Rektor har mynde til å delegere til andre å fylgje opp sakene, men er ansvarleg for at tiltaka gjennomførast slik de står i planen. Rektor seier at dei gjennomfører alle tiltak, dokumenterer at tiltaka er gjennomført, evaluerer jamleg og at eleven alltid blir spurt om korleis tiltaka har virka. Rektor er med på arbeidet med utforming av aktivitetsplanane og underskriv på alle.

I høve til gjennomføring av tiltaka, finn Statsforvaltaren i dei fem tilsendte sakene at skulen i liten grad dokumenterer at tiltaka i planen blir gjennomførte. Manglande dokumentasjon vil såleis redusere rektors moglegheit til å få tilstrekkeleg informasjon til å vurdere om tiltaka gjennomførast i tråd med plan eller ikkje. For at skulens praksis skal vere i tråd med dokumentasjonsplikta i opplæringslova § 9 A-4 sjuande ledd, må skulen dokumentere det som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta, her tiltaksplikta.

Det går fram av intervju av tilsette at skulen innhentar informasjon frå fleire hald, mellom anna føresette, kontaktlærer og spesialpedagog for å kunne evaluere tiltaka. Rektor og enkelte tilsette gjev opplysningar om at dei innhentar informasjon om korleis tiltaka har virka, at tiltaka blir tilpassa den enkelte saka, og at dei i den prosessen også snakkar med eleven.

Ved gjennomgang av dei fem mottatte sakene kjem det ikkje tilstrekkeleg fram at tiltaka er evaluert. Det kjem vidare ikkje tydeleg fram at eleven har fått uttale seg om tiltaka har virka. Dersom tiltaka ikkje er evaluert på ein slik måte at skulen veit om tiltaka har virka etter hensikta eller ikkje, er det ikkje eit grunnlag for å kunne tilpasse dei. Dermed kan skulen heller ikkje sørge for å tilpasse tiltak basert på informasjon om korleis dei har virka.

Skulen har ikkje vist til ein bestemt framgangsmåte som sikrar at skulen gjennomfører, evaluerer og tilpassar tiltaka i tråd med aktivitetsplikten i alle saker.

Statsforvaltarens konklusjon:

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

2.6.3 Plikta til å informere om høve til å melde sak til Statsforvaltaren

Rettslege krav:

Skulen skal informere elevane og foreldra om høvet til å melde saka til Statsforvaltaren etter § 9A-6, jf. opplæringslova § 9A-9 første ledd.

Det betyr:

De skal informere elvar og foreldre om at dei kan melde saka si til statsforvaltaren dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta, jf. forvaltningslova § 11 og opplæringslova § 9A-9 første ledd.

Våre undersøkingar:

I både «Kommunal prosedyre for arbeidet med eit betre psykososialt læringsmiljø» og i «Mal for aktivitetsplan», som begge ligg i «Plan», inneheld informasjon om at saka kan meldast til Statsforvaltaren. Den alternative malen som er nytta ved to tilhøve, inneheld

også denne informasjonen. Skulen har og laga ein mal på «Melding til Fylkesmannen», som eit døme på korleis foreldre kan melde ei sak til Statsforvaltaren. Denne ligg også i «Plan».

Rektor og tilsette svarar i Reflex at dei informerer elevar og foreldre om høve til å melde saka til Statsforvaltaren, dersom dei finn at skulen ikkje oppfyll aktivitetsplikta. Rektor seier i intervju at tema vert teke opp i FAU, og at plakatar frå Statsforvaltaren er hengt opp på skulen. Han viser og til høve om å melde saka til Statsforvaltaren i eit eget punkt i aktivitetsplanane.

Våre vurderingar:

Tilsette er kjend med at dei skal informere foreldre og elevar om høve til å melde saka til Statsforvaltaren. Alle aktivitetsplanar som skulen har sendt inn, inneheld informasjon om at elevar og foreldre kan melde saka si til Statsforvaltaren dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta. Vår vurdering på bakgrunn av denne informasjonen er at skulen informerer foreldre om høve til å melde saka til Statsforvaltaren.

Statsforvaltarens konklusjon:

Krava i regelverket er oppfylt.

2.7 Skulens skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som jobbar på skulen krenkjer elevar

Rettslege krav:

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks vasle rektor. Rektor skal varsle skuleeigaren.

Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks, jf. opplæringslova § 9 A-5.

Det betyr:

Alle som jobbar på skulen, skal varsle rektor straks, dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar. Rektor skal varsle skuleeigaren straks. Dersom det er ein tilsett i skuleleiinga som krenkjer elevar, skal skuleeigaren få varsel i staden for rektor. De skal dokumentere korleis de varslar.

Kva som er å krenkje, skal de tolke vidt. Det kan vere direkte krenkingar, men også meir indirekte krenkingar som utestenging, isolering og baksnakking. Korleis elevane opplevde krenkinga, har ikkje noko å seie for plikta til å varsle. Det er tilstrekkeleg med mistanke for at plikta til å varsle trer inn. Å ha ein mistanke vil seie å ha ei kjensle av eller tanke om at ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar.

De skal gi elevane som har vorte krenkte, beskjed om at de kjem til å varsle rektor eller skuleeigaren om saka, men mindre dette hindrar at de kan varsle raskt nok.

Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal varsle, og følgje opp at det blir gjort.

De må undersøke kva som har skjedd. De skal dokumentere korleis de undersøker saka.

Dersom undersøkinga visar at ein som jobbar på skulen, har krenkt elevar, må de undersøke korleis elevane opplevde dette. Dersom det er elevar som ikkje har eit trygt og godt skulemiljø som følgje av krenkingane, må de vurdere kva for tiltak de skal setje inn.

Ein elev som krenkinga direkte rettar seg mot, har rett til å uttale seg. De skal legge til rette og ufarleggjere samtalen. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner. Dersom krenkinga rettar seg mot ei større gruppe elevar, for eksempel ein klasse, kan det vere tilstrekkeleg å snakke med klassen samla eller med ein del av elevane.

Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal undersøke, og følgje opp at det blir gjort.

Dersom ein eller fleire elevar opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø som følgje av krenkinga, gjeld skulen si aktivitetsplikt. De skal så langt det finst eigna tiltak, sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø.

Våre undersøkingar:

I «Plan» finn ein § 9 A-5 samt fylgjande merknad til heimelen; «Det er uakseptabelt at elevar opplever å bli krenka av vaksne på skulen. Dei tilsette i skulen har eit særskilt ansvar for at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø. I alle slike tilfelle skal dei tilsette varsle rektor og rektor skal varsle skuleeigar. Kommunen har såleis ei skjerpa aktivitetsplikt i slike saker. Dersom det er skuleleiinga som står bak krenkinga, skal skuleeigar varslast direkte av den som fekk mistanke eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak skal setjast i verk straks.»

Det er ikkje ein eigen prosedyre for handtering av desse sakene i kommunens «Plan». I Vinje kommunes «Prosedyre – Aktivitetsplikt» står det at tilsette har aktivitetsplikt dersom ein får kjennskap til eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenking som mobbing, vald, diskriminering eller trakassering. Alle tilsette skal blant anna reagere på: Tilsette som opptrer krenkjande ovafor elevar. Det står ikkje noko om de dei særlege reglane for varsling og undersøking og heller ikkje noko om kva tilsette skal gjere dersom det er nokon i leiinga på skulen som krenker.

I RefLex går det fram at alle tilsette er informerte om plikta til å varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenka ein eller fleire elevar, og at tilsette varslar direkte til skuleeigar dersom mistanken gjeld ein i skuleleiinga.

Rektor skriv i RefLex at skulen ikkje har hatt saker der tilsette på skulen har krenka elevar til no. Han skriv at dei har rutinar, og at det har vore gjennomgangstema i samband med «IBSM» som dei er inne i. Rektor seier i intervju at rutinar og lovkrava er informert ut til dei tilsette. Dei tilsette svarar i intervju at dei har hatt opplæring i den skjerpa aktivitetsplikta gjennom «IBSM» og at dei kjenner til reglane for varsling. Den skjerpa aktivitetsplikten har også vore tema på personalmøte.

Våre vurderingar:

Sidan skulen ikkje har hatt saker der det har vore nødvendig å bruke framgangsmåten, undersøker vi om rektor har gjort det som er nødvendig, for at framgangsmåten vil bli følgd når skulen får ei slik sak.

I saker som gjeld vaksne som krenker, er det avgjerande med klare varslingsrutinar for å sikre at rektor får slike varslar. Den skjerpa aktivitetsplikta ved mistanke om at elevar blir krenka er ikkje tydeleg omtalt i de kommunale skriftlege rutinane. Munnleg informasjon er eit sårbart system. Tilsette kan vere fråverande når informasjonen blir gitt, informasjonen kan vere vanskeleg å huske, eller den kan bli misforstått. Det er ikkje eit krav at framgangsmåten er skrifteleg, men den må vere egna til å sikre at krava i lova blir oppfylt.

Statsforvaltaren finn at alle tilsette gjennom informasjon på personalmøte, planleggingsdagar og gjennom «IBSM» er informert om den skjerpa aktivitetsplikta.

Skulen har rutine for at alle varslingar til rektor blir sendt i kopi til assisterande rådmann og at skulen set raskt i gang med undersøkingar.

Statsforvaltarens konklusjon:

Krava i regelverket er oppfylt.

3. Våre reaksjonar

3.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova 30-4:

1. Vinje kommune må sørge for at Åmot skule oppfyller plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova §§9A-2, 9A-3 og 9A-4.

Vinje kommune må i den samanheng sjå til at :

- Rektor sikrar at alle som jobbar på skulen varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø
- Rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor så raskt som saka tilseier
- Rektor må sikre at undersøkingane er omfattande nok til å finne kva det er som ligg bak elevens oppleving og kva i elevens omgjevnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet
- Rektor må sikre at undersøkingane vert dokumenterte
- Rektor sørger for at involverte elevar blir høyrde
- Rektor sørger for at skulen gjer ei barnets beste vurdering

2. Vinje kommune må sørge for at Åmot skule oppfyller plikta til gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9A-3, 9A-4, 9A-9 og forvaltningslova § 11.

Vinje kommune må i den samanheng sjå til at:

- Rektor følgjer opp og dokumenterer at skulen gjennomfører alle tiltak i tråd med aktivitetsplanen
- Rektor sikrar at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka, inkludert elevens syn på korleis tiltaka har verka, og kva endringar eleven ynskjer

3.2 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er **23.april 2021**. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

4. De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å gjere om vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjord av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Vedlegg

- Svar på RefLex frå rektor og lærargrupper på 1.- 4. trinn, 5.- 7. trinn og 8.-10. trinn om skulens aktivitetsplikt
- Oversikt over skulens organisering
- Oversikt over skulens personale
- Oversikt over skulens møtестruktur
- Plan for å sikre eit trygt og godt skulemiljø i Vinjeskulen, kaldt « Plan» i rapporten med:
 - Regelverk, opplæringslova § 9A
 - Målplakat og overordna mål for Vinjeskulen
 - Orden- og samspelreglar for Vinjeskulen
 - Tiltak ved brot på orden- og samspelreglane
 - Vinjeskulens definisjonar innanfor § 9A
 - Kommunal prosedyre
 - Prosedyre varsling
 - Skriftleg varslingskjema
 - Prosedyre aktivitetsplikt
 - Skjema aktivitetsplikt – skulen sitt
 - Melding til Fylkesmannen – forslag til føresette
- Inkluderande barnehage- og skulemiljø. Prosjektplan Vinje kommune
- Årshjul Åmot skule
- Spørjeskjema til elevane
- Spørjeskjema for elevsamtale i Innblikk
- Mal på halvårsvurdering
- Oversikt over klassemøter, småskulen
- Samtaleblomst
- Malar for elevsamtale
- Vaktplanar/inspeksjonsrutinar
- Oversikt over tal på varslar frå januar 2019 til juni 2020
- Oversikt over aktivitetsplanar frå januar 2019 til juni 2020
- Dokumentasjon i 6 saker, der skulen har laget aktivitetsplan
- Ettersendte varslingar

I tillegg har vi sett på:

- Informasjon på skulens heimesider
- Data frå elevundersøkinga